

## Krav til inspeksjonsfrekvens er knytt til risiko for rømming

I samband med avlusingsoperasjonar og andre aktivitetar som kan føre med seg ein risiko for at fisk rømmer, skal oppdrettar sørgje for å overvake og kontrollere nøter både før, under og umiddelbart etter aktiviteten. Risikovurderingane skal avklare kva type aktivitetar som har ein slik risiko og det må gå fram av rutineane korleis overvaking og kontroll av not blir gjort for dei ulike aktivitetane.

Oppdrettar har i lang tid hatt krav til å setje inn tiltak for å hindre rømming og sikre at eventuelle rømmingar blir oppdaga så raskt som råd. [Dette kravet](#) gjeld framleis, men no har det i tillegg kome eit særskilt krav om å overvake og kontrollere nøtene i tilknytning til aktivitetar som kan resultere i rømming. Kravet står i [akvakulturdriftsforskrifta § 37a](#) andre ledd og har vore gjeldande sidan 24.8.2022.



Figur 1. Illustrasjonsbilete frå ei hending med hol i not og som viser eit dykk i mørke ved bruk av tilleggslys. Foto: Selskapet.

### Risikovurderinga og rutineane for notkontroll må henge saman

Fiskeridirektoratet sit ikkje med ein fasit over kva aktivitetar som kan føre med seg ein risiko for at fisk rømmer. Dette er noko oppdrettar sjølv skal avklare når han risikovurderer drifta med sikte på å minimalisere risikoen for rømming ved kvar enkelt lokalitet. Døme: Dersom risikovurderinga til oppdrettar seier at bruk av vaskeutstyr aukar risikoen for notskade, og dette igjen kan føre til rømming, vil kravet til overvaking og kontroll gjelde for slike aktivitetar.

### Notkontrollane kan ha ulikt innhald avhengig av aktivitet

Notkontroll i tilknytning til aktivitetar som kan resultere i rømming må tilpassast den aktuelle aktiviteten. Til dømes kan notkontroll før, under og etter notspyling ha eit anna innhald enn notkontroll før, under og etter avlusing.

### Kontrollen må ikkje nødvendigvis vere ein fullverdig inspeksjon av heile notposen

Merk at kravet i § 37a gjeld *nødvendig* overvaking og kontroll, slik at oppdrettar skal kunne tilpasse tiltaka etter dei gjeldande risikoforholda. Det kan innebære at dersom aktiviteten gjeld ein avgrensa del av nota, som i tilfelle der berre øvre eller nedre del av notposen er spylt rein for groe, kan overvaking og kontroll av denne delen vere tilstrekkeleg.

Den nødvendige overvakinga og kontrollen av nota kan også ha ulikt innhald avhengig av om kontrollen skjer før, under eller etter aktiviteten. Kontrollen kan avgrensast til det som er nødvendig å gjere. Kravet seier altså ikkje at kontrollen må vere i form av ein fullverdig notinspeksjon med alt det vil innebære av ulike sjekkpunkt. I notkontrollar etter avslutta vaskeaktivitet (notspyling), vil det til dømes vere særleg aktuelt å sjå etter skadar og slitasje på sjølve notlinet og i overgangane mellom notlin og tau.

## **Tilstanden på notposen må på førehand vere kontrollert opp mot den konkrete aktiviteten**

Oppdrettar må sørge for å kontrollere tilstanden på notposen før aktivitet med rømmingsrisiko kan starte. Denne kontrollen må vere tilpassa eller på andre måtar dekkande for risikoforholda knytt til den aktuelle aktiviteten. Det vil seie at ein notkontroll etter avslutta vaskeaktivitet ikkje nødvendigvis er tilstrekkeleg som notkontroll før ein avlusingsoperasjon.

Notkontroll før ein arbeidsoperasjon på merd 7 i november kan krevje ei anna tilnærming enn notkontroll før same type aktivitet på merd 7 i juli. Dei gjeldande risikoforholda vil påverke kva som er forsvarleg avstand i tid mellom siste notkontroll og den aktuelle aktiviteten. Risikovurderingane kan resultere i at før-inspeksjonen må gjerast same dagen som det rømmingsrisikable arbeidet startar, men utfallet kan også bli at oppdrettar klarer å vise «særleg aktsomhet for å hindre at fisk rømmer»<sup>1</sup> ved å kontrollere nota nokre dagar eller endåtil nokre veker i førevegen. I vurderinga må oppdrettar ha med seg kravet om at drifta alltid skal vere miljømessig forsvarleg (jamfør akvakulturdriftsforskrifta § 5 første ledd). Krav om dokumentasjon følgjer av forskrift om IK-Akvakultur (§ 5 tredje ledd bokstav f, jf. § 5 femte ledd).

Døme på moment å ta med i vurderinga knytt til den siste notkontrollen, er: formålet med kontrollen, omfang og tidsbruk, sikt og straumforhold, tilgjengeleg dokumentasjon. Aktuelle moment å ta med i vurderinga knytt til tida mellom notkontroll og aktivitet, kan vere: alder og tilstand på notposen, tidlegare skadar på notposen, frekvens for hol i not, vêrforholda i perioden, ekstraintstyr i merden og aktivitet på merdkanten i tida mellom notkontroll og aktivitet.

Dersom det er usikkert om den siste notkontrollen er nær nok i tid og/eller er dekkande for risikoforholda knytt til aktiviteten som skal gjennomførast, må oppdrettar sørge for at det blir gjort ein ny kontroll av nota før han går i gang med arbeidet.

## **Før-inspeksjon tett opp mot bruk av kulerekke**

Kravet til før-inspeksjon gjeld alle aktivitetar med rømmingsrisiko, men det vil variere i kor stor grad dei ulike aktivitetane påverkar risikoen for rømming gjennom hol i not under sjølve aktiviteten og i kva grad notkontroll før aktiviteten kan bidra til å redusere risikoen. Bruk av kulerekke viser godt igjen i Fiskeridirektoratets rømmingsstatistikk ([Rømmingsstatistikk | Fiskeridirektoratet](#)). Når fisken står trengd under trekking av kulerekka, aukar også risikoen for at fisk kan rømme gjennom hol i nota som allereie var der då aktiviteten starta. Denne risikoen viser at det kan vere avgjerande å kontrollere nøter tett opp mot aktivitetar som involverer bruk av kulerekke, for å unngå rømming under aktiviteten.

## **Notposen må overvakast undervegs i aktiviteten**

Regelverket seier at nota skal overvakast under alle aktivitetar med risiko for rømming. Det er då tale om nødvendig overvaking. Oppdrettar må vurdere korleis han best kan løyse dette på ein slik måte at han viser særleg aksemd for å hindre at fisk rømmer.

Kva som er nødvendig overvaking undervegs i aktiviteten, vil avhenge av aktiviteten og risikovurderinga til oppdrettar. Oppdrettar må i alle tilfelle sørge for å overvake dei områda av nota som blir *direkte* påverka av aktiviteten, *når* denne påverknaden går føre seg.

---

<sup>1</sup> Dette er ordlyden i akvakulturdriftsforskrifta § 37 første ledd første setning



Ved bruk av kulerekke er det naturleg å rette merksemda mot den delen av nota som til ei kvar tid er i direkte kontakt med kulerekka. Denne delen av nota vil normalt sett vere heilt i overflata og dermed lett tilgjengeleg for visuell kontroll. Personell med ansvar for å overvake kontaktflata mellom not og kulerekke vil då kunne gjere dette frå overflata, ved til dømes å bruke joller (sjå figur 2) eller anna utstyr som sikrar at dei kjem tilstrekkeleg nær kontaktflata til å kunne overvake notlinet i nødvendig omfang.



Figur 2. Illustrasjonsbilete som viser bruk av jolle i tilknytning til ein arbeidsoperasjon med kulerekke. Foto: Magnus Torvik

### **Etterkontrollen kan ikkje vente**

Når det i forskrifta heiter «umiddelbart etter gjennomføring», vil det seie at kontrollen må gjerast med ein gong, altså utan opphald og direkte etter aktiviteten er gjennomført.

### **Krav og forventingar til rutine**

Kva for ein teknologi som blir brukt og korleis nota blir overvaka og kontrollert, vil vere opp til oppdrettar å avgjere. Han kan til dømes løyse dette ved å bruke sitt eige utstyr eller sørge for at vare- og tenesteproducentar stiller med nødvendig utstyr. Rutinane må avklare korleis nota skal overvakast og kontrollerast i samband med dei ulike aktivitetane, og kva utstyr som blir brukt til dette.

### **Oppdrettar er ansvarleg**

Det er oppdrettar som har ansvaret for at overvaking og kontroll av nøtene skjer i samsvar med regelverket, også når kontrollen blir gjennomført av ein tenesteleverandør og oppdrettar sjølv ikkje deltek under notinspeksjonen. Oppdrettar må sikre at det blir gjort ein reell kontroll av nota slik at plikta til å førebygge og avgrense rømming i akvakulturdriftsforskrifta § 37, og kravet til miljøforsvarleg drift i § 5, er stetta. Utstyret som blir nytta må vere eigna til å avdekke eventuelle hol i nota, og operatøren (eller operatørane) må ha nødvendig fagleg kompetanse for å handtere utstyret til dette formålet.

### **Krav til inspeksjonsfrekvens ved normal drift**

Det har lenge vore krav til å kontrollere nøtene før bruk (i samband med smoltutsett og notskift) og regelmessig under drifta (jf. [akvakulturdriftsforskrifta § 37](#) fjerde ledd, andre setning). NYTEK23 seier at brukarhandboka til notposen skal innehalde krav til ettersyn, noko som normalt vil inkludere informasjon om minstekrav til frekvens mellom notkontrollar (jf. [§ 16](#) første ledd bokstav f).

Fiskeridirektoratet presiserer at oppdrettar sjølv må kartlegge aktuelle risikofaktorar og vurdere kva som vil vere forsvarleg frekvens for notkontroll på kvar enkelt lokalitet. Oppdrettar kan altså ikkje berre stø seg til det generelle minstekravet i brukarhandboka, men må sjølv gjere ei risikobasert og lokalspesifikk vurdering for å finne kva frekvensar for notkontroll som er eigna til å oppdage ei eventuell rømming så raskt som mogleg.